

SAK 34/21 STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL

Saksopplysning:

Arbeidsdokumentet Strategisk plan Hallingdal, sjå vedlegg, er resultat av innspel som har kome frå alle kommunar, fleire ulike personar, interessegrupper, lag og organisasjonar, ifrå prosessen starta i Hallingtinget 19. juni 2020 og fram til i dag.

Administrasjonen i Regionrådet har presentert planarbeidet, og fått innspel frå alle kommunestyrane i dalen, dei fleste leiargruppene, fleire tverrkommunale fagnettverk, oppveksleiarforum, destinasjonsselskapa, brukarrådet i Hallingdal, Hallingdal ungdomsråd og representant frå frivilligsentralane. I tillegg har Regionrådet vorte involvert i fleire møte.

Oppbygging av planen, med verdiar, hovudmålseting og innsatsområde har Regionrådet drøfta tidlegare. No er det primært resultatmåla knytt til det dei einskilde innsatsområda, samt handlingsplanen som skal drøftast og justerast. Målet er at Regionrådet kan einast om ein Strategisk plan for Hallingdal som kan sendast ut på ei kort høyring i kommunane, før vedtak i Hallingting i juni.

Vurdering:

Det har vore stort engasjement frå mange aktørar i Hallingdal og har det kome mange gode innspel. Planen skal skissere kva kommunane må eller ønskjer å samarbeide for å få til utvikling. Det er derfor ønskjeleg at måla er realistiske og at handlingsplanen er gjennomførbar og at det er evne og vilje til å gjennomføre det som planen skisserar. Regionrådet skal ta stilling til om det som står i planen er det Hallingdal treng og det me ønskjer å samarbeide om.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet ber Dagleg leiar utarbeide endringane i «Utkast til Strategisk Plan Hallingdal» og legge det ut på høyring i kommunane
2. Regionrådet rår Hallingtinget til å vedta Strategisk Plan Hallingdal

Hallingdal, 15. april. 2021

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg:
Utkast til Strategisk Plan Hallingdal